

Referat frå folkemøte Bekk 2

17. juni 2026, Kommunestyresalen

Til stades:

Ål kommune: Ordførar Jørund Li, Rådmann Karsten Pop Dideriksen, Avdelingsleiar Svein Furuhaug, Betina M. Gullhagen (referent), Trine Ishoel.

Agenda

- Presentasjon av tiltak som skal gjennomførast
- Presentasjon av prosessen vidare
- Spørsmål og innspel undervegs

Innleiing ved Ordførar Jørund Li

- Presentasjonsrunde.

Jørund Li

- Administrasjonen si oppgåve er å arbeide med å utgreie dei ulike sakane og deretter legge fram eit forslag til vedtak til politisk behandling. I arbeidet med saka skal administrasjonen gjere grundig arbeid for å kome fram til den beste faglege løysinga.
Så er det opp til politikarane å avgjere sakane. Sakane med sikringstiltak blir sendt til STNR, deretter formannsskapet og til slutt blir saka avgjort i kommunestyret. Politikarane kan kome fram til ei anna løysing enn det administrasjonen har kome fram til og anbefaler. Administrasjonen heldt seg til det kommunestyret bestemmer i vidare arbeid.
Alle sakar er forskjellige og må handterast kvar for seg. Dette er nytt for Ål kommune, og vi må bruke litt tid for å finne beste løysing.
Ål kommune må støtte seg på fagkonsulentane når det kjem til dei tekniske vurderingane, prosjektering og prioritering.
Kommunestyret og administrasjonen arbeidar for likebehandling av alle innbyggjarar i kommunen. Kvar sak skal løysast så rettferdig som mogleg, og det er viktig å tenke på at kvar sak blir eit eksempel for den neste saka som omhandlar dei same tema.
Kvar sak med sikringstiltak skal til politisk behandling og vert avgjort av kommunestyret.

Svein Furuhaug

- Ingen av dei grunneigarane som blir rørt av tiltaket som skal gjennomførast på bekk 2 er på møtet i dag. Ål kommune har kome til einigheit med dei rørte grunneigarane for tiltaket.
- Bekk 2 er lagt i røyr i nedre del av bekken frå Stasjonsvegen til under Rv7, før bekken går ut i Hallingdalselva. Sikringstiltaket omfattar ein flaumveg som skal ta unna vatnet når dagens røyr ikkje klarar å ta unna vatnet som kjem. Under Hans klarte ikkje røyra i bekken å ta unna vatnet og det rant på overflata nedover Stasjonsvegen, og vidare ned imot krysset mellom Kiwi Ål og Rv7. Dette krysset er eit kritisk punkt i Ål kommune og det er eit ynskje å sikre dette krysset ved å lede vatnet trygt ein anna veg til Hallingdalselva.
- Ål kommune har vært heldige og fått 90% dekning for kostnadene knytt til sikringen av flaumløpet. Resterande 10% har kommunestyret vedtatt at skal fordelast på dei eigedommane som nyt godt av tiltaket. Kven som nyt godt av tiltaket og delinga skal behandlast i kvar einskild sak.
- Ål kommune har bede Skred as om å utarbeide ei prioriteringsliste for alle tiltaka som er av kritisk karakter i kommunen. Prioriteringslista er basert på nytte/kost prinsippet. Ein kan lese meir om korleis dette er løyst ved å lese rapporten knytt til prioriteringslista. Den finn de på Ål kommune si heimeside. Det er viktig at Ål kommune sikrar likebehandling i alle sakar. Da kan det ikkje bli nytta skjønn ved val av kven som skal få sikringstiltak og ikkje, og det må være ei heilt konkret utrekning av grunneigardelen.
- Rett etter Hans og før prioriteringslista vart laga fekk Ål kommune beskjed frå Skred AS om ei rekke tiltak som dei vurderte som svært kritisk e. Desse tiltaka har blitt gjennomført eller er vi er i gang med gjennomføring. Desse tiltaka er derfor ikkje med i prioriteringslista. Frå no vil det være prioriteringslista som avgjer kva for tiltak som Ål kommune skal søke om støtte frå NVE.
- Søknadsfristen for årets søke runde går ut 1.juli og Ål kommune har planlagt å søke om fleire av tiltaka på lista. Nøyaktig kor mange blir avgjort ila denne veka (veke 24).

Svein presenterte det prosjekterte tiltaket i bekk 2. Presentasjonen som Asplan Viak heldt på folkemøte 05.03.26 vart vist, og denne ligg på Ål kommune si heimeside.

- Statens Vegvesen har to stikkrenner under Rv7 som kunne nyttast for vassføringa i Bekk 2. Ein på austsida av stasjonsbrua kor hovudløpet til bekken går i dag, og ei på vestsida av stasjonsbrua. Stikkrenna i aust fungerer som den skal, sjølv om den ikkje er dimensjonert for vassmengdene som kom under Hans. Stikkrenna i vest er øydelagt og av liten dimensjon.

Når Ål kommune skulle begynne prosjektering spurte Ål kommune Statens Vegvesen kva for stikkrenne dei ønska å oppdimensjonere/oppruste. Dei valte renna i vest ettersom den allereie var øydelagt. NVE støtta den avgjerda ettersom dei ynskjer at vatnet skal ledast enklaste veg. Ål kommune prosjekterer difor ut frå dette. Statens Vegvesen skifter denne stikkrenna akkurat nå. Difor er Rv7 stengt på natta og omkøyning via sentrum.

Flaumvegen er dimensjonert for 200 års flaum + 40% klimapåslag. Det vil truleg ikkje renne vatn i flaumløpet kvart år.

Tiltak i øvre del av bekk 2

- For dei som er til stades på møtet i dag er det tiltak i øvre del av Bekk 2 som er interessant. Punkt nr 3 i prioriteringslista omfattar tiltak i øvre del av bekk 2, tiltaka som er prioritert er punkt 2C-2E i rapporten «Tiltaksvurdering for bekkar i Ål sentrum». Rapporten ligger på Ål kommune si heimeside. Om ein vil lese meir om kva tiltak 2C-2E omfattar kan ein lese det der.
- Det ein ser i bekk 2 er at bekken frå tiltak 2E og nedover er godt plastra og i god stand.
- Det går ein traktorveg oppå Sundreberget, vegen er privat, men Ål kommune har rusta den opp i samband med utbygging av Sundre vassverk ei gong i tida. Det er blitt lagt ned stikkrenner i naturlege lågbrekk i vegen.
- I samband med arbeid i bekk 2 kjem Ål kommune til å fjerne stikkrennene og lage lågbrekk slik at vatnet får renne over vegen og ikkje demmar seg opp nokon plass som førar til økt vassføring på plassar kor det ikkje er naturleg.
- Målet er å ikkje endre kvar vatnet går, men sørge for at det følgjer sitt naturlege løp.
- Det er forhold i skogteig i øvre del av Bekk 2 som gjer at vatnet renn på plassar det ikkje skal. Det er grunneigar sitt ansvar å sørge for at vassvegane er opne, men det er naturleg at dei i underkant av skogen bidreg til rydding ettersom dei blir rørt av vatnet som kjem nedover.
Skogteigen det er størst problem i er eigd av ein person som er død. Ål kommune prøver å overta eigedommen, men har framleis ikkje lykkast med å få overta. Dette skal det jobbast vidare med.
- Det er også andre forhold som klimaendringar som bidreg til at vatnet er villare enn før. Det er ikkje berre nedbøren og vatnet i bekkane som er meir intense og villare enn før, grunnvatnet tek også nye vegar. Det er naturleg at innbyggjarane opplever at det kjem vatn på plassar det aldri har gjort det før.

Konsekvensar

- Administrasjonen har bedt om ein uttale frå Skred om eigedommane som ligg i flaumområdet til bekk 2 og kva for eigedommar som utsette.

Svaret frå skred er som følgande:

«Som del av tiltaksvurderingen av kritiske punkter for bekkeløpene ble det ikke tegnet detaljerte flomfaresoner for hele området.

Strekningen det er snakk om fanges heller ikke opp i NVEs automatiserte aktsomhetssonene for flom.

Basert på vår identifikasjon av kritiske punkter og analyse/opptegning av flomveier i rapport 23441-01-2 med kartbilag har kommunen likevel grunn til å anse dette strekket som et aktsomhetsområde, og pålegge detaljert flomfareutredning ved eventuelle byggesaker.

Ved en eventuell detaljert flomfareutredning ned strekningen vil trolig ikke alle husene for de aktuelle eiendommene falle innenfor faresoner, selv om flomløpet går over eiendommen.»

Økonomi

- Kommunane som bygger sikringstiltak kan etter naturskadelova paragraf 24 krevje attendebetaling av eigenandelen for sikringstiltaket frå dei som nyt godt av tiltaket.
- Ål kommune har gjort ei vurdering av kva for eigedommar (gnr/bnr) som nyt godt av tiltaka som er blitt gjort i kommunen. Delingsnøkkelen som er nytta per nå er altså ei administrativ vurdering av kven som nyt godt av tiltaket. Innbyggjarane står fritt til å melde inn framlegg til andre delingsnøklar. Disse vil bli teke med i saka som blir sendt til politikarane.
- Ål kommune kjem til å presentere fleire ulike metodar for deling. Andre forslag som vil bli teke med er ei utrekning basert på eigedomsstorleik, storleik på bygg og ein kombinasjon av disse.
- Viktig at delingsnøkkelen er konkret, ikkje baserast på skjønn og at den er mogleg å nytte for andre sikringstiltak i framtida.
- Ål kommune har full forståing for at eit pålegg om å betale eigenandel påverkar privatøkonomien til folk. Det er mogleg å få ei ordning med delbetaling av eigenandelen.

Kommentarar og spørsmål

- Over traktorvegen på Sundreberget er bekkeløpet svært utydeleg og vatnet renner utover frå si «eigentlege» bekkeløp. Det er viktig å sikre at bekken følger bekkeløpet sitt slik at vatnet ikkje kjem der det ikkje skal.

- Ved parkeringa til Hallingdølen kom vatnet der kvar det aldri har kome før og det rant ut over bekken sine bredder.

- Er det ikkje fleire som kan nyte godt av tiltaket?

Svar: Absolutt, det kan det vere. Det viktigaste for Ål kommune er å sikre likebehandling, og da er det dei som ligg inntil bekkeløpet som er utgangspunktet.

- Korleis løysast det med vedlikehald?

Svar: Grunneigar sitt ansvar å sørge for at vatnet går der det skal, dersom ein har ein bekk i hagen må ein følgje opp at bekken ikkje går tett osv. Det var likevel meir fokus på dugnadsånd før og det er naturleg å tenke at fleire skal kunne bidra til å rydde terrenget slik at vatnet går der det skal.

Ål kommune har tilsynsplikt med alle sikringstiltak.

Vidare prosess

- Saka er tidlegast klar for saksbehandling i STNR i august, deretter Formannskapet i september og Kommunestyret i september.
- Bekk 2 er klar slik at ein kan lage anbod på arbeidet som kan lysast ut hausten 2026.

Oppsummering og konklusjon

- Hovudbekymring er at vatn tek andre vegar enn det eigentleg skal, kva som er grunnen til dette og korleis det blir handtert.
- Kven nyt godt av tiltaket, det er vanskeleg å vurdere. Administrasjonen må gjere ei vurdering og legge fram grunngjeving for den, også må politikarane ta stilling til om ei støttar vurderinga.
- Det er viktig med god kommunikasjon og at alle involverte partar får ei felles forståing av tiltaket og delingsnøkkelen som blir brukt.
- Vi har alle eit felles mål – at innbyggjarane skal føle seg trygge og sove godt om natta.
- Vi er heldige som har så god dialog med statlege og fylkeskommunale organ, det gjer at prosjekta våre går enklare. Det at Ål kommune har fått 90% støtte til sine sikringstiltak så langt er ei gåvepakke frå staten.